



Vi skriver mars som avløyer ein utruleg fin februar på våre kantar. Observasjonane hos Kurt Haugland på Korsnes bekreftar det. Ikkje minst nedbørsmengda er det all grunn til å setta strek under - eller rettare sagt mangelen på nedbør. Til saman har det berre kome 58,6 millimeter medan normalen denne månaden er omtrent 3 gonger så stor. 28 millimeter kom på eitt døgn, som var frå 4. og over i 5. februar. 18 døgn var heilt utan nedbør!

Ser vi så på statistikken for temperaturen viser det seg at den var pluss 0,2 i snitt med lågaste noteringa 5,7 og høgaste 7,7. Den siste noteringa var i går og er eit sterkt varsel om at våren er på veg. Det bles ellers nesten ikkje i februar - med unntak av stiv kuling to dagar. Men eitt uvanleg fenomen opplevde vi denne månaden - det var is på Storsund!

Over: Slik vil vi minnast februar 2013 - med skyfri himmel og Storsund som ein spegel.

Under: Uvanleg panorama: Is på Storsund i februar!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

